



Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Saksbehandlar, innvalstelefon

Seniørrådgivar Ola Betten, 71 25 84 76

Vår dato

25.04.2013

Dykkar dato

Vår ref.

2013/1947/OLBE/433.2

Dykkar ref.

Erik Husby
Egil Ullserks veg 108
6523 FREI

Kristiansund kommune - løyve til planting av edelgranartar for julereproduksjon på gnr117 bnr1 Erik Husby

Fylkesmannen i Møre og Romsdal gjev Erik Husby løyve til utsetting av edelgranartar for julereproduksjon på gnr 117 bnr 1 i Kristiansund kommune. Løyvet gjeld for utsetting av 1100 stk. tre på eit areal på ca. 2 daa, UTM 6989390 439410, jf. avmerka areal i vedlegget til søknaden.

Løyvet er gitt i medhald i §§ 4 og 5 i “Forskrift om utsetting av utenlandske treslag til skogbruksformål”. Det er sett vilkår til løyvet.

Vi viser til søknad datert 01.02.2013. Søknaden gjeld utsetting av fjelledelgran (*Abies lasiocarpa*), nobeledelgran (*Abies procera*) og nordmannsgran (*Abies nordmanniana*) på eiendommen 117/1 i Kristiansund kommune. Plantefeltet er avmerka i kartvedlegget til søknaden. Formålet med utsettinga er julereproduksjon. Søknaden gjeld 1100 stk tre samla art på eit areal på ca. 2 dekar.

Utsetting av utanlandske treslag krev løyve etter forskrift om utsetting av utenlandske treslag til skogbruksformål av 25.05.2012 (heretter kalla forskrifta). Formålet med forskrifta er *å hindre at utsetting av utenlandske treslag medfører eller kan medføre uheldige følger for naturmangfoldet*, jf. § 1.

Søknaden skal vurderast etter prinsippa i §§ 8-12 i naturmangfaldlova (NML), jf. § 7 i NML.

Vurdering

Ved vurdering av om det skal gjevast løyve til utsetting, skal eventuelle uheldige følger for naturmangfaldet vektleggast. Det skal leggast særleg vekt på om treslaget og eventuelle følgjeorganismar medfører risiko for uheldige følger for det biologiske mangfaldet. Det kan ikkje gjevast løyve viss det er grunn til å tru at utsettinga vil medføre vesentlege uheldige følger for det biologiske mangfaldet, jf. § 7 i forskrifta. Utplanting av utanlandske treslag kan ha ein negativ påverknad på naturmangfaldet ved å endre den naturlege artssamsetnaden og dei økologiske funksjonane på staden.

Kunnskapsgrunnlaget (NML § 8)

Fjelledelgran er klassifisert av Artsdatabanken som ein art med lav risiko. Nobeledelgran og nordmannsedelgran er ikkje vurdert, og vi legg til grunn at desse har tilsvarande låg risiko. Slike artar har per i dag ikkje nokon kjent påverknad på norsk natur ut over den effekten dei har på det arealet dei er planta på.

I følgje søknaden er føremålet med utsettinga å produsere juletre. Trea blir difor hausta før dei set kongler, og feltet vert rydda etter at salgbare tre er hogde. Det er difor ingen fare for spreiing av desse artane til naturen kring feltet.

Vi har vurdert dei naturfaglege kvalitetane til plantearealet. Det vert oppgjeve at dette er grøfta skogsmark der det veks gran og furu. Næraste registrerte naturkvalitet er ein svært viktig lokalitet med rik sumpskog (Jordåla) ca. 100 meter nord for feltet. Det er ingen registreringar i Naturbase i høve raudlisteartar, kulturlandskap eller andre relevante verdiar på det omsøkte arealet for planting. Etter dette kan vi ikkje sjå at utsettinga medfører uheldige følgjer for naturmangfaldet.

Føre-var-prinsippet (NML § 9)

Vi vurderer vidare at behovet for å avslå, evt. krevje tilleggsutgreiingar på grunnlag føre-var-prinsippet, er lite.

Økosystemtilnærming og samla belastning (NML § 10)

Vi kan ikkje sjå at plantinga medfører noko belastning som skulle utløyse noko uheldig, samla situasjon for eit område eller ein naturtype.

Kostnadane ved miljøforring (NML § 11)

Erik Husby kan påleggast å fjerne utilsikta spreiing av dei utplanta edelgranartane. Fylkesmannen kan pålegge tiltak etter NML §§ 69-73.

Miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar (NML § 12)

Fjerning av alle trea før frøsetting vil vere eit tilstrekkeleg tiltak for å hindre spreiing. I tillegg er den som har fått løyvet til utsetting pliktig til å føre internkontroll, jf. § 10 i forskriftera.

Konklusjon

Vi vurderer det til å vere små negative effektar på naturmangfaldet i utsettingsområdet som følgje av planting av fjelledelgran, nobeledelgran og nordmannsedelgran. Med bakgrunn i opplysningsane i søknaden og kunnskapsgrunnlaget, vurderer vi spreiingsfarene som svært låg, og faren for negative økologiske effektar som liten.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal gir Erik Husby etter dette løyve til utsetting av 500 fjelledelgran, 300 nobeledelgran og 300 nordmannsedelgran på gnr 117 bnr 1 på eit samla areal på ca. 2 daa som vist på avmerka areal i vedlegget til søknaden, jf. §§ 4 og 5 i *Forskrift om utsetting av utenlandske treslag til skogbruksformål*. Vi viser vidare til krava i forskriftera §§ 8, 9 og 10 om hhv. varsemd, informasjonsplikt og krav til internkontroll.

Det vert sett følgjande vilkår til løyvet:

- 1) Etter at felta er hausta, skal alle ikkje-omsettbare tre fellast. Dette skal gjerast slik at det ikkje kjem skott frå greiner eller stubbe. Feltet skal uansett ryddast innan år 2027.
- 2) Det er ikkje tillate å fjerne tre med voksyktig rot frå feltet. Dette skal hindre ukontrollert spreiing av artane.
- 3) Dersom det vert oppdaga spreiing av tre utanfor plantefelta, skal desse fjernast, og Fylkesmannen i Møre og Romsdal må varslast.
- 4) Løyvet skal oppbevarast hos tiltakshavar og grunneigar inntil vilkåra i løyvet er oppfylt, jf. § 7 fjerde ledd i forskrifta.

Vedtaket kan pålagast til Direktoratet for naturforvaltning innan tre veker i samsvar med forvaltningslova. Ein eventuell klage skal opplyse om kva endringar ein ønskjer i vedtaket, og skal sendast til Fylkesmannen i Møre og Romsdal.

Med helsing

Ulf Lucasen (e.f.)
seksjonssjef

Ola Betten

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Kopi:

Direktoratet for naturforvaltning Kristiansund kommune	Postboks 5672 Sluppen 7485 TRONDHEIM Postboks 178 6501 KRISTIANSUND N
---	--